



Fusa Venstre Valprogram 2015

VENSTRE
Folk først.





Fusa Venstre Ope sinn mot framtida!

Fusa Venstre ønskjer at Fusa også i framtida skal vera ein god kommune å bu i. I tillegg skal Fusa fortsetja å vera ein kommune som tar vare på både eksisterande og nye bedrifter.

Fusa mot framtida:

Fusa Venstre meiner det er viktig å ha eit ope sinn og arbeida for gode løysingar som gjer gode tilbod til alle innbyggjarane i Fusa kommune.

Kommunereforma:

Dette er den enkeltsaka som kan føra til størst endringar for Fusa slik me kjenner kommunen i dag.

Fusa Venstre er positive til reforma og kjem til å arbeida for konstruktive løysingar som har som mål at innbyggjarane i Fusa kommune får ei god framtid.

Det viktigaste for Fusa Venstre er at du som innbyggjar får dei tenestene du treng, ikkje kva den nye kommunen heiter eller kvar grensene går.

Oppvekst:

Fusa Venstre er klar på at kvalitet i skulen er viktigare enn talet på skular. Me ønskjer at kommunen skal ha ein sterk offentleg skule.

Ei endring i skulestruktur kan bringa med seg mange gode gevinstar for elevane, og me ønskjer innbyggjarane i kommunen med på dette.

Kva med å byggja om skulen på Holdhus til eit sportell? Tenk kva det vil generera av meiraktivitet i eit allereie positivt miljø.

Fusa Venstre ønskjer å oppretthalda eit godt barnehagetilbod i kommunen, samt sjå på korleis me kan få til eit godt SFO-tilbod til alle som ønskjer det.

Helse og omsorg:

Fusa Venstre er positive til å flytta legekantoret ned på Leiro og slik få samla fleire tenester på same område.

Me vil leggja til rette for ein trygg alderdom og eit tenestetilbod som er tilpassa den einskilde behov og ønskjer derfor å styrka tilbodet ved Fusa Bu- og Behandlings-enter og heimetenestane.

Andre tiltak:

- ✓ Styrkja sentrum for å gje alle innbyggjarane i Fusa betre tilbod.
- ✓ Arbeida for at Fusa skal få vekst i folketalet. Venstre vil jobba mot konkrete mål for å oppnå dette.
- ✓ Arbeida for at kommunen skal bli nr 1 når det gjeld samarbeid mellom innbyggjar/næringsliv og kommune.

Fusa Venstre - Nye tider treng nye løysingar!

- ✓ Arbeida for å få tenelege vegløyningar i samband med dei store vegprosjekta som er lansert i Hordaland.
- ✓ Arbeida for betre vegløyning frå Søre Fusa mot Eikelandsosen.
- ✓ Arbeida for å etablera gang- og sykkelveg på vestsida av Skjelbreidvatnet.
- ✓ Arbeida for betre skysstenester frå bygdane til Eikelandsosen.
- ✓ Arbeida for å styrkja og å utvida bibliotektenestane.
- ✓ Arbeida for å få på plass symjeopplæring til vaksne.
- ✓ Fusa Venstre er positiv til å ta i mot flyktingar som treng hjelp i ei vanskeleg tid. Det er viktig at me gjer dei ein meningsfull kvardag når dei kjem for å etablera seg her.
- ✓ Me skal kjempa for at kommunen skal få nok inntekter til at kommunen kan bli drifta på ein god måte.
- ✓ Me ønskjer ikkje å opne for meir søndagshandel.
- ✓ Arbeida for at det alltid prioriterar grøne løysingar når dette er eit godt alternativ. Fusa bør arbeida for å elektrifisera bilparken når nye bilar skal kjøpast inn.

Venstre sine kandidatar i Fusa



1. Arild Heggland (f.1967)

Holmefjord

Arild er teknisk inspektør i

Noomas Sertifisering.

Han er Fusa Venstre sin ord-
førarkandidat.



2. Nina Laupsa (f. 1981)

Fusa

Nina er sivilingeniør og ar-
beidar for Telenor.



3. Gustav Folkestad (f. 1963)

Eikelandsosen

Gustav er dagleg leiar ved
Sævareid Fiskeanlegg og er
Venstre sin mann i kom-
munestyret i denne peri-
oden.

4. Ragnhild Holmefjord

(f. 1953), Holmefjord

5. Sigmund Sjursen

(f. 1948), Holdhus

6. Dag Kyrre Lygre

(f. 1980), Nordtveitgrend

7. Christian von Essen Pedersen

(f. 1962), Vinnes

8. Annfrid Kleppe

(f. 1956), Holmefjord

9. Olav Haugerud

(f. 1978), Eikelandsosen

10. Kari Bente Stein Helland

(f. 1960), Eikelandsosen

11. Toril Hjartåker Hauge

(f. 1970), Nordtveitgrend

12. Vidar Laupsa

(f. 1980), Fusa

13. Odd Lillefosse

(f. 1948), Nordtveitgrend

14. Gisle Årvik

(f. 1955), Sævareid

15. Harald Hjartåker

(f. 1941), Nordtveitgrend

16. Gudleik Østerbø

(f. 1932), Eikelandsosen

Les meir om Venstre sin politikk på våre nettsider.

Venstre.no/Fusa



VENSTRE